

# ÅRSMELDING 2008

---

## SÆRFORBUND

Sunnfjord Kajakklubb er medlem av Norsk Padleforbund

## STYRET DETTE ÅRET HAR VORE:

Marius Langballe Dalin (leiar)

Sissel Strømmen (2. år)

Rune Berge (kasserar) (2. år)

Leif Laache (2. år)

Guttorm Kleppe (1. år)

Brit Siv Fimland (vara)

## MEDLEMSTAL

Samla medlemstal (betalande medlemmar) pr. 31.12.2008, var 94. Dette eitt medlem meir enn i fjar.

## MØTEAKTIVITET

Utanom årsmøtet (14. februar) har vi hatt fire styremøte. Årsfesten i bowlinghallen blei ein suksess i inneverande år som tidlegare.

## VIKTIGE SAKER

Ved årsskiftet 2007/2008 blei det kjøpt inn fleire nye kajakkar til havbasen. Vidare utover året har vi kjøpt inn 3 polokajakkar og utstyr og 2 elvekajakkar. Guttorm har jobba med å få naustet så ferdig som mogleg før fristen for ferdigstilling. Heimesida har vore rimeleg godt oppdatert i sesongen. Vi har følgd strandsaka og det er stadig nye innspill for å byggje ut stranda til industriføremål.

Elles så handlar det naturleg nok mykje om padleaktivitet. Trening og turar er viktige aktivitetar i klubben og dei som ynskjer det, har hatt tilbod om trening lokalt og ulike turar. Padlekurs har vi overlete til den einskilde veileder/aktivitetsleder.

## AKTIVITET I 2008

### Turar

Havpadling

I år har vi satsa på få reine klubbturar, og heller satsa på å henge oss på ulike turopplegg og samlingar arrangert av andre. Turaktiviteten har vore som fylgjer:

Vårsamlinga, Bulandet

Havpadlesymposiet på Sotra

Kajakkfestivalen i Flora

Konfirmantsamling på Nesholmen

Sandensøndagen i Naustdal

Tur til Little Færøy i samarbeid med Turlaget

Stormsamlinga

M. fl.

### Trening

Torsdagstreningane sto fast også i 2008. Varierande deltakartal, men dette er eit fast tilbod som fleire burde benytte seg av. Vi får mange positive tilbakemeldingar på dette tilbodet. I løpet av vinteren/våren hadde vi fleire bassengtreningar.

### **Elv**

Det har ikkje vore arrangert turar i klubbsregi, men det er fleire enkeltmedlem som er aktive. Det er og nokre med høg kompetanse og det er ting i emning omkring meir organisert elveaktivitet. Klubben har sett fram tilbod om sponsoring for dei som vil kurse seg i elvepadling og dette tilbodet vil bli ført vidare.

### **Polo**

Diverre har vi ikkje kome skikkeleg i gang med polotreningsar. Vi vil forsøke å gjere det betre no når bassengtreningane kjem i gang i vinter/vår.

### **Heimesida**

Styret meiner at vi har klart å halde sida rimeleg godt oppdatert. Skal vi få ho betre må vi få fleire tilbakemeldingar og ynskje fra medlemane.

### **Naustet og kajakkane våre**

#### **Naustet**

Opphenga er på plass og gulvet er nesten ferdig lagt. Varmestova har vi ikkje fått laga til, men om dugnadsviljen er der kan vi få det til i 2009.

#### **Kajakkbasen**

Guttorm har fått solgt dei gamle kajakkane og vi har fått fornya havbasen. Klubben er godt nøgd med dei nye kajakkane. Vi har og kjøpt inn 3 polokajakkar og 2 elvekajakkar, samt årer, hjelmer og diverse utstyr.

### **Kursaktivitet**

I år har vi overlete til den einskilde instruktør å stå for kursa.

### **Samarbeid med Psykiatrisk klinik (PK)**

Vi har framleis eit laust samarbeid med PK. Vi disponerer deira dobbelkajakk og dei kan nytte våre kajakkar i diverse opplegg.

### **ØKONOMI**

Den økonomiske ståa i klubben er god. Viser til rekneskap og balanse ifrå kasseraren.

### **UTSTYR**

Klubben rår pr. i dag over følgjande kajakkar:

2 Capella

4 Valley Aquanaut Club (nye)

1 Valley Nordkapp (ny)

1 Dagger Exodus m/ror (ny)

1 Nordkapp

1 Crosswind dobbelkajakk (utlånt av Psykiatrisk klinik)

1 gamal glasfiber K2-kajakk

1 gamal flattvannskajakk

3 Eskimo Gecko (polokajakkar)

2 elvekajakkar

I tillegg kjem årar til hav, elv og polo, vester, hjelmer og trekk

## SATSINGSOMRÅDE I 2008

Padling i form av trening og turar er sjølvsagt hovudføremålet med klubben, men for å få til dette på ein god måte, bør vi og legge vekt på følgjande:

- Komme i gang med kajakkpolo
- Organisere elvepadlarane. Lage til turar, kurs etc.
- Bygge varmestove/skifterom i naustet
- Arrangere temakveldar (aktuelle tema: navigasjon & sjømannskap, sikkerheit & redning, reparasjon av kajakk, førstehjelp & livredning)
- Fylgje opp arbeidet med å prøve å stoppe utbygging av kai på stranda

Førde 08.01.2009

Marius Langballe Dalin  
Leiar, Sunnfjord Kajakklubb

## Vedlegg: Utstyrsoversikt

### SKK utstyr

**10.01.2009**

Type:	Etternavn:	Namn:	Ant:	Komentar:
<b>Årer:</b>				
Aquabound	Manta Ray	2	Havåre store bla 2008	
Aquabound	Sting Ray	4	Havåre små bla 2008	
Galasport		6	Poloåre 2008	
Boreal	Swell	1		
Lendal	Archipelago	1	Hos Rune	
Werner	Rio	4	Elveåre 2008	
Robson		1	Elveåre bøydskaft 2008(brukt)	
Baltic		1	Utlånt av Psyk.	
Reserveåre		1	Delbar	
Svarte plastårer		2		
		23		
3stk Galasport er selde, resten blir nok selde i 08				
<b>Vestar:</b>	Etternavn:	Namn:	Ant:	Komentar:
Delta	Traveller	9	Kjøpt i 2007	
SKK har div gamle vestar			Meint og kassere	
<b>Trekk:</b>	Etternavn:	Namn:	Ant:	Komentar:
Delta	Touring	6	Kjøpt i 2006	
Delta	Touring	2	Kjøpt Jan. 2009	
Phoenix		2	Er noko morkne	
Kanuk		2	Passer liten cockpit	
YAK		2		
Current Designs		2	Utlånt av Psyk.	
Eskimo		3	Polotrekking	
		19		
<b>Kajakk:</b>	Etternavn:	Namn:	Ant:	Komentar:
P&H	Capella	2	Gul & Rød	
Vally	Nordkapp	1	Gul 2007	
Vally	Aquanaut Club	4	3Gul og 1Blå 2007	
Dagger	Exodus	1	Rød 2007	
	Nordkapp	1	Rød glassfiber	
Current Designs	Crosswind	1	Utlånt av Psyk	
Liquid Logic	Jefe	1	Creek kajakk 2008(brukt)	
Wave Sport	X	1	River Runner kajakk 2008(brukt)	
Eskimo	Gecko	3	Polokajakk 2008	
Gammal glassfiber K2 kajakk			1	
Gammal glassfiber raiser kajakk			1	
			17	
<b>Våtdrakt:</b>	Etternavn:	Namn:	Ant:	Komentar:
			3	storleik L (5)
			3	storleik M (4)
			2	storleik S

			8	
<b>Sko:</b>	Etternamn:	Namn:	Ant:	Komentar:
	Div Sko		8	Div storleikar
	Div Polohjelmar		5	
	Poloballar		2	